

Harding Puls
Vikøyvegen 408
5600 Norheimsund
Tlf 47 60 10 56
www.hardingpuls.no
post@hardingpuls.no
Org nr.:971 358 130
Bank knt: 3530.20.69555



Hordaland Fylkeskommune
Kulturavdelinga
Pb. 7900
5020 Bergen

Søknad om støtte til framføring og opptak av musikalsk Tingingsverk, kr. 30.000

Den tverrfaglege kunstnarorganisasjonen Harding Puls i Hardanger fekk våren 2015 tilsagn frå Det Norske Komponistfondet til eit musikalsk Tingingsverk som skal tileignast eit stadspesifikk kunstverk i landskapet. Kunstverket "Planting" står på Straumhaugen i Norheimsund og vart laga av den finske kunstnaren Jaakko Pernu i 2014. Kunstverket er del av eit større prosjekt med tittelen: *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!* som omhandlar kunst i landskapet i Hardanger, i regi av Harding Puls.



Tingingsverket skal urframførast i samband med ny sesongopning av *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!*, 14. mai 2016. På grunn av tekniske og vermessige forhold ynskjer me å ha urframføringa i Harding Puls sitt eige galleri like ved, Galleri Puls, saman med biletvisning av kunstverket.

Harding Puls har gjort avtale med komponisten Knut Vaage som vil skriva Tingingsverket . Intensjonen er at Vaage skal skapa eit musikkverk utifrå inspirasjonen han får kring den visuelle opplevinga frå dette hovudverket som står i Norheimsund, og soleis gje kunstverket ein ny dimensjon.

Tingingsverket skal vera på 6. min. og skrivast for 5 musikarar. Desse skal komponisten plukka ut frå musikarane som er medlemmer i Harding Puls.

Støtta frå Komponistfondet går direkte til komponisten. Den neste økonomiske utfordringa er finansiering av sjølve innøvinga og framføringa med dei 5 musikarar.

I tillegg vil me få spelt inn stykket slik at det i ettertid kan spelast av saman med ei biletfremvisning av kunstverket. Opptaket skal utover våren og sommaren spelast av i eit eige rom i Galleri Puls.

Galleriet har godt teknisk utstyr for avspeling, men me lyt leige gode høgtalarar.

Det kan og vera aktuelt med framvisning ein stad til gjennom sommaren.

I Harding Puls er me oppteken av inspirasjon og kontakt mellom dei ulike kunstfagfelta. Difor er dette eit godt døme på eit tverrfaglege samarbeidet på eit høgt nivå mellom fagfelta.

Komponisten kan velje mellom desse musikarane som har meldt seg interessert:

Geir Botnen – klaver

Ørjan Hartveit – song / baryton

Reidun Horvei – song / sopran / kveding

Ranveig Helen Lægreid - song / sopran

Arvid Aasprang – saksofon / jazz

Arild B. Nielsen – trompet/ jazz, lur/impro.

Benedicte Maurseth - hardingfele

Silje Hveem – fløyte

Annlaug Børsheim – hardingfele / gitar

Anne Karin Stormyr – kyrkjeorgel / harmonium /vokal

Me vonar Hordaland Fylkeskommune vil støtta prosjektet.

Norheimsund 29. september 2015

Med venleg helsing

Beste helsing
for Harding Puls



Solfrid Aksnes

-styreleiar -

-prosjektleiar-

Vedlegg:

Budsjett

Kopi av avtale med Knut Vaage, side 1 og side 4

Budsjett

INNØVING og FRAMFØRING:

Honorar 5 musikarar	40.000	
Reiser	5.000	
Opphald og diett	5.000	
Lyd –teknikk	6.000	
<hr/>		
Utgifter innøving og framføring		56.000

STUDIOINNSPELING:

5 musikarar honorar x kr. 804.- pr. time x 3 timar	12.060	
--	--------	--

OPPTAK/MIXING OG MAESTRING:

Opptak: kr. 400.- pr. time x 3 timar	1.200	
Mixing kr. 400.- pr. time x 3	1.200	
Mastring Kr. 400.- pr. time x 4 timar	1.600	
Produsenthonorar	2.500	
7 cd	340	

<hr/>		
Samla sum		18.900

BILETFRAMVISING

Biletredigering	6.600	
Produsenthonorar	2.500	
<hr/>		
Sum		9.100

Administrasjon utgifter	10.000	
Annonsering (andel)	5.000	
Diverse utg og leige	10.000	
<hr/>		
Arrangering		25.000

<hr/>		
Sum tilsammen		109.000

Finansiering:

Harding Puls eigendel	10.000	
Hordaland Fylkeskommune	30.000	
Norsk kulturråd	40.000	
Fond For Utøvande Kunstnarar (FFUK)	29.000	
<hr/>		
Sum		109.000